A group of children, mostly seen from behind, are walking along a wooden boardwalk that winds through a lush green forest. They are wearing colorful backpacks in shades of blue, red, and pink. The forest is filled with tall pine trees and dense undergrowth. The scene is bright and sunny, suggesting a pleasant day for a hike.

- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett fjøre!

RØRSTADMARKA BARNEHAGE

ÅRSPLAN DEL 2
KALENDERPLAN 2021-2022

INNLEIING

INNHALD

- Innleiing s. 2
- Bursdagsfeiring og dagsrytme s. 3
- Personal s. 4
- Barnegrupper s. 5
- Hovudtema s. 6
- Plassering og moglegheiter s. 8
- Metodiske opplegg s. 9
- Marihøna s. 10
- Bikuba s. 11
- Humla s. 12
- Utegruppa s. 13
- Kalenderdel s. 14- 39
- Overgangar s. 40
- Barnehagerute s. 41

Rørstadmarka barnehage SA

Rørstadmarka 25, 6035 FISKARSTRAND

Tlf: 70 19 40 50

Kontoret: tast 1

Marihøna: tast 2 (469 17 387)

Bikuba: tast 3 (468 66 215)

Humla: tast 4 (468 99 479)

Utegruppa: tast 5 (468 45 762)

E-post: post@rorstadmarka-barnehage.no

Nettside: <http://rorstadmarka.barnehage.no>

Følg oss på Facebook!

KALENDERPLAN

Denne årsplanen er utforma som ein kalender. Kvar avdeling og gruppe skriv litt om seg sjølv i denne planen. Gruppene presenterer sine tema når ein ny periode tek til. Kalenderdelen er utforma som ein vanleg kalender der planleggingsdagar, fridagar, felles arrangement, foreldremøte, bursdagar osv. kjem fram. Anna praktisk informasjon vil de og finne i planen. Om lag annakvar månad vil det bli sendt ut periodeplanar frå dei ulike gruppene. Styret annonserer sine dugnadar etterkvart.

E-POST

Periodeplanar, vekeplanar og anna informasjon blir sendt ut med e-post. Pass på å gi barnehagen beskjed ved endring av e-postadressa.



**Barnehagen er medlem av PBL,
Private Barnehagers Landsforbund**

BURSDAGSFEIRING

Bursdagane blir feira på barnet si gruppe.

Vi flaggar for barnet og heng ut bursdagslapp på ytterdøra. I forkant av dagen får barnet lage seg bursdagskrone og får velje kva mat vi skal ha den dagen. Da kan dei velje mellom:

- Grønsaker og dip
- Frukt med vaniljekesam
- Grønsaksuppe med brød
- Tomatsuppe med brød og evt. egg
- Havregrynsgraut
- Smoothie

Barnet får velje sjølv kva vi skal gjere på i bursdagsamlinga. Det kan vere ein leik, lese favoritt boka/eventyret, ha songsamling og liknande. Barnet får sitte i bursdagsstolen med bursdagskrone, vi syng bursdagsong og vi koser oss med god og sunn bursdagsmat (Mariehøna har eigen meny som barna kan velje frå).

Desse symbola blir brukt i kalenderen når eit av barna har bursdag:



DAGSRYTME

06.30	Barnehagen opnar. Vi et frukost og leikar
09.00	Frukost er ferdig
09.30-14.00	Gruppedeling og tilrettelagte aktivitetar (sjå vekeplan) og lunsj.
Ca 14.00	Lett måltid inkludert frukt Frileik inne og ute
16.30	Barnehagen stenger

Dagsrytma kan sjåast som eit rettleiande verkty. i planlegginga vår.



PERSONALET

MARIHØNA

REBEKKA
ANCA
HELENE
ELIN
TRINE

BIKUBA

ANNE
ANETTE
SOFIE
LINDA
MARTINE

HUMLA

KRISTINE
STINE
MARIT

UTEGRUPPA

JORUNN
WENCHE
MARIT

KONTORET

KRISTIN



BARNEGRUPPENE

MARIHØNA

TORJE
RAVN
SOLVÅR
THEA
UNNI
SØLVI
NOA
LUKAS
PHILLIP
ELINE
MATHILDE S.
MATHILDE M.S.
ULRIK
BASTIAN
AILO
ELEAH

BIKUBA

DAVID
ANNABELLE
JONAS J.
MARTIN
LIANE
JAKOB
MICHELLE
SIGURD
LEDVIN
PAULINE
CELINA
JONAS
OLE PETTER
LEVI MAGNUS
OLE
ELISHA
TUVA
MATEUSZ
TRYM
EMIL
OLAV

HUMLA

ZOFIA
HÅKON
ELEAH
LEON
MARCUS
SANDER
CASPER
NICOLAUS
OLAI

UTEGRUPPA

EMILIE
MIKA
SIGURD
OSKAR
MAIA
MATEO
TEODOR
SANDER



- DU FINN OSS I SKOG, MARK OG FJØRE, UANSETT FØRE!

Barnehagen vår ligg midt i ein oase av flotte turmål. Små føter finn stor glede i å utforske uteområdet i barnehagen, og rett utanfor gjerdet har vi mange moglegheiter. Vi er nært både skog, vatn, sjø og stiar som gir motoriske utfordringar og førstehandskunnskap om mellom anna farger, lukter, stor/liten stein, røter, kongler og forandringar som naturen byr på. Større føter klarer meir og kan gradvis utforske meir av det nærmiljøet har å by på. På desse kantar veit vi aldri om påkledning skal vere regndress, vinterdress eller joggesko og jakke, så det å lære seg at det er kjekt i naturen, uansett ver, har vore noko vi har jobba med i mange år.

- Du finn oss i skog, mark og fjøre, uansett føre! Dette har i mange år vore eit slagord, motto eller ein visjon for Rørstadmarka barnehage sidan vi starta opp i 2003.

I eit utviklingsarbeid vi har hatt i barnehagen har vi gått djupare inn i dette slagordet. Kva betyr det for meg, kva betyr det for barnehagen og kva ønsker vi det skal bety for barna? Etter å ha jobba med desse spørsmåla over tid løftar vi slagordet og har det som utgangspunkt i arbeidet vårt med barna dette året.

Vi har delt månadane inn i ulike hovudtema og vil, med utgangspunkt i barna sin alder, jobbe med både skog, mark og fjøre/vatn. I tillegg har vi eigen periode med tilknytningstid i starten av barnehageåret og ein periode der vi skal jobbe med «familien min».

Alle desse periodane vil bli presentert i kalenderdelen. Korleis den enkelte gruppe skal jobbe med temaet vil bli presentert i periodeplan som blir sendt ut i forkant av nytt tema.



- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett føre!



BARNEHAGENS PLASSERING OG MOGLEGHEITER

Barnehagen vår ligg slik til at det er snertent å svinge seg av ved hovudvegen, samtidig som vi ligg skjerma til. Inne på eige område har vi sykkelbane, skog, leikehytter, akebakke, leikestativ, disser, sandkasse, fotballbane og eit eige inngjerda område for dei yngste. Det gir alle aldersgruppene i barnehagen eit artig og attraktivt tilbod kvar dag, også dei dagane vi ikkje er på tur. I tillegg til naturperler og opparbeidde leikeplassar, har vi kort avstand til nye Rørstadmarka skule som er under oppføring og idrettsanlegge til Fiskarstrand idrettslag på Lømyra.

På heimesida vår, www.rorstadmarka.barnehage.no, kan de sjå fleire bilete av uteområdet vårt og lese om dei ulike turmåla våre. Her er nokre av dei:

Gapahuken vår ved Lømyra

Idrettsanlegget på Lømyra

«Markane» (stiane ved foten av fjellet)

«Trollskogen»

Raudavatnet

Skjeret

Leikeplassen på «Glenna»

Leikeplassen ved Kringlevegen

Leikeplassen ved Trømyra



VI JOBBAR MED

TRAS

*Tidleg Registrering Av Språkutvikling
- i dagleg samspel*

I lag med alle barnehagane i Sula kommune, brukar vi regelmessig eit kartleggingsmateriale som skal auke kunnskapen rundt barna si språklege utvikling, samt bidra til at barn som strevar med språkutviklinga blir registrert og får hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Utarbeidd av: Bredtvet kompetansesenter.

ALLE MED

Dette er eit observasjonsskjema som gir eit heilskapleg bilde av kva barnet meistrar. *Alle med* dekker seks utviklingsområde: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, språk og sosio/emosjonell utvikling. Dette er eit observasjonsmateriale som følger barnet frå 1-6 år og som er til hjelp for personalet i det pedagogiske planleggingsarbeidet.

BARNEMAPPE

Kvart barn får si eiga barnemappe når dei startar i barnehagen. I denne vil vi samle bilete, teikningar, meistringar og opplevingar som barnet har hatt i barnehagen. Dette gjer vi for å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet vårt i barnehagen. Barnet får den med heim når det sluttar i barnehagen.

GRØNNE TANKER - GLADE BARN



I Sula kommune har mellom andre barnehagane, skulen, PPT og helsestasjon eit prosjekt som heiter Å førebygge meir for å reparere mindre. Arbeidet med *Grønne tankar—glade barn* er eit ledd i dette prosjektet. Eit av måla er at barna skal møte likt språk i barnehage og skule, uavhengig kvar på Sula dei bur.

Psykologisk førstehjelp handlar om å kunne gjenkjenne tankar og dei kjenslene desse fører til. Når noko er vanskeleg gjeld det å kunne snakke til oss sjølv på ein måte som hjelp. Barn som lærer å vere omsorgsfulle mot seg sjølv, vil også lettare kunne vere ei støtte for andre. Metoden *Grønne tankar—glade barn* er eit godt utgangspunkt for å trene opp desse ferdigheitene.



MARIHØNA

BARNA:

Torje

Ravn

Solvår

Thea

Unni

Sølvi

Noa

Lukas

Phillip

Eline

Mathilde S.

Mathilde M.


Ulrik

Bastian

Ailo

Eleah Mathilde

«Omsorg og trygghet, ein god start på Marihøna»



Marihøna er småbarnsavdelinga i barnehagen, den er tilrettelagt for barn i 1-3 års alderen. Det er her dei fleste barna får sitt aller første møte med oss og barnehagelivet. På Marihøna er vi opptatt av omsorg og trygghet i arbeidet vårt. Barnehagen er som regel barnets første store møte med andre vaksne og ikkje minst barn. Dei nye barna skal finne sin plass. Dei vaksne er mykje på golvet og er ei trygg base for barna i utforskinga. Vi legg vekt på gode rutinar, vere forutsigbare og vere tilgjengeleg.

Vaksenrolla er viktig i arbeidet med barn, og skape gode relasjonar mellom barn-vaksen, og barn-barn. Det skal vere eit godt og trygt miljø for dei minste. Etter kvart som dei er trygge på omgjevnadane skal vi jobbe med sjølvstende, og trygge dei til å ta eigne val. Dei skal få medverke i eigen kvardag, få utfalde seg og lære nye ting.

Vi vekslar mellom utetid og innetid. For dei yngste barna har vi eget område både inne og ute der dei får utfalde seg etter eigne føresetnadar. Utemiljøet vårt er trygt og allsidig for dei yngste med inngjerding og tilrettelagte leikeapparat.



BARNA:

David

Annabelle

Jonas J.

Martin

Liane

Jakob

Michelle

Sigurd

Ledvin

Pauline

Celina

Jonas T.

Ole Petter

Levi Magnus

Ole

Elisha

Tuva

Mateusz

Trym

Emil

Olav

BIKUBA

«Det har eg aldri gjort før - så det klarer eg heilt sikkert»

Med slagordet vårt som årets hovudtema skal vi ta for oss skogen, marka og fjøra i tur og orden. I periodane med dette som tema vil aktivitetane vere knytt til det temaområdet. Alle fagområda i Rammeplanen vil vere ein del av dette arbeidet slik at vi sikrar at vi legg til rette for ei heilskapleg utvikling.

Barnehagane i Sula vil også ha fokus på livsmeistring dei neste åra. Gjennom to ulike årshjul, eit for psykisk helse og eit for fysisk helse, vil ein drive målretta arbeid der motorisk leik, sosial kompetanse, venskap, positiv sjølvkjensle, meistring og medverknad er sentrale begrep.

Dette skal vi på Bikuba ta med oss inn i alle dei ulike tema gjennom året. I alt vi gjer vil vi vere opptekne av å leggje til rette for leiken. I leiken bygger barna relasjonar, utviklar venskap, øver seg på livet, bearbeider inntrykk, utviklar språket sitt og kanskje det viktigaste: leiken er lystbetont. Barna er glad i å leike.



HUMLA

«Alle skal ha ein venn»

BARNA:

Zofia

Håkon

Eleah

Leon

Marcus

Sander

Casper

Nicolaus

Olai

- *Du finn oss i skog, mark og fjøre, uansett føre!* Visjonen til barnehagen er vårt felles tema i år. Gjennom kalenderdelen kan dei lese kva vi legg i dei ulike tema og i periodeplanane vil det kome fram korleis vi i Humla skal jobbe med dei gjennom året.

Vi startar barnehageåret med tilknytningstid. Vi er ei ny gruppe og vil bruke tid på å bli godt kjent og trygge på kvarandre, avdeling og uteområde. Rutiner gjer dagen forutsigbar og trygger barna på kva som skjer. Etterkvart vil vi kunne bevege oss ut frå barnehagen sitt område. Vi har mange fine turmål, like i nærleiken, og det er kjekt å bli kjent med nye plassar og få nye opplevingar i lag.



Å meistre sjølv er alltid kjekt. Om det er å gå på do, vaske hender, kle på dressen, dele ut koppar eller rydde etter seg er det alltid ei god kjensle når det blir lagt merke til. Kva det enkelte barn klarer sjølv og kva dei vil kunne klare med litt hjelp er veldig ulikt og vi skal gi barna utfordringar som passar den enkelte.

Språkutvikling øver vi på heile dagen! Vi namngir det vi ser rundt oss og det vi gjer på. Språket er med oss i leiken, i sangstunda, i lesestunda, ved måltidet, på badet, i garderoben og i utetida.

Leiken er ein viktig del av kvardagen vår. Vi skal legge til rette for eit godt leikemiljø der vaksne deltar, utvider og skaper gode stunder i lag.

UTEGRUPPA

«Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår»

BARNA:

Emilie

Maia

Mateo

Mika

Oskar

Sander

Sigurd

Teodor

«Du finn oss i skog, mark og fjøre, uansett føre» er barnehagen sin visjon, og i år har vi valgt dette som felles overordna tema. Tema dei ulike periodane vil difor bli: «Familie» (oss), skog, mark og fjøre (sjø og vatn).

Som utegruppe vil dette kunne by på mange spennande turar, prosjekt, lærerike utforskingar og eksperiment og aktivitetar. Varierte oppgåver og vanskegrad som er tilrettelagd slik at alle opplev meistring og deltaking, er viktige element som vi tek omsyn til så godt som råd. Utegruppa har òg tradisjonar som kyrkjevandringar til jul og påske, overnatting i barnehagen og sommaravslutning.

Dette siste året barnet går i barnehagen vil også vere eit år der dei skal førebu seg til å begynne på skule. Vi skal fortsette med språk og språkaktiviteter, barna skal få lære meir om til dømes farger og former, song, rim og regler, øve på å kjenne igjen og skrive namnet sitt og kanskje lytte ut ulike bokstavar i ord. Motorikk og sansetrening vil også vere ein del av aktivitetane vi skal gjennom. (Kommunal satsing: MoTo-aktivitet).

Om lag ein gong i veka vil vi ha SKOGGRUPPE. Når vi har skoggruppe startar vi med å ha ei felles samling der vi fortel om kvar vi skal på tur, blir einige om kva skal kle på oss og kva vi treng å pakke med oss. Barna skal øve på å bli mest mogleg sjølvstendig og deltakande, og skal prøve å pakke sjølv det dei treng i sekken sin. Vi går så på tur, leikar oss og gjennomfører eventuelle aktivitetar vi har planlagd. Når vi er tilbake i barnehagen skal vi gjenfortelle det vi har gjort. Då må alle barna øve på å hugse noko vi gjorde eller såg på tur. Alle barna får fortelje etter tur, vi skriv ned og lagar ei felles historie frå turen. Barna får teikne frå turen i si eiga skoggruppe-bok.



AUGUST

«TILKNYTNING»

I august er det mange nye barn i barnehagen. Den første tida er viktig for å få ein trygg og god start i barnehagen. Vi vaksne har ansvar for å legge til rette for ein god start, og gi barnet tid og rom for å bli godt kjend. Måten vi gjer det på i Rørstadmarka barnehage er at barnet får ein av dei tilsette som primærkontakt ved oppstart. Primærkontakta skal setje av god tid til det nye barnet og foreldra. Slik kan tilknytningstida bli ei god og positiv oppleving for alle saman. I tida framover er det behov for tett oppfølging av både barn og foreldre. Slik skapar vi tillit og gode relasjonar som vi kan bygge vidare på.

Når det gjeld overgangar internt i barnehagen brukar det å skje når barna kjem tilbake frå sommarferie. Barnet byttar då avdeling og får ny plass. I tida før sommaren passar vi på å gå på besøk med dei barna som skal over til ei av dei andre delingane. Dette er ofte veldig populært, og ein fin måte å bli kjent med barna og dei vaksne på den andre avdelinga.

Fokus denne månaden:

- Bli trygg nok på si eiga avdeling til at avskjeden med foreldra går fint
- Bli trygg på uteområdet til barnehagen
- Knytte nye relasjonar og bli kjent med nye barn og vaksne
- Gå på små turar i nærmiljøet



Åse er her

Og Anders er her

Takk og pris for at Kari er her


Og i vår lille ring har vi Øyvind også her

Og Karoline er her og det er bra

Hipp hurra!

- fortsett til alle barna er nemnt.

August 2021



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
30							1
31	2	3	4	5	6	7	8 Olav 3 år! 
32	9	10 Torje 2 år!  Celina 4 år! 	11 Håkon 3 år! 	12	13	14	15
33	16	17	18	19	20	21	22
34/35	23/30 Ravn 2 år! 	24/31 Mathilde S. 1 år! 	25	26	27	28	29

SEPTEMBER

«MARK»

Barnehagen vår ligg fint til med mykje flott landskap rundt oss. Vi har mange fine turmål i nærleiken vi nyttar oss ofte av både inn- og utmark i områda rundt barnehagen.

Sjølv om det ikkje er så mange som driv gard lenger, er det mange jorder, tomter og gardsplasser som ligg innanfor det vi kallar innmark. Her må vi vise omsyn og lære barna om allemannsretten. Det er ikkje alle plassar vi kan gå gjennom. Er vi i nærleiken av dyr som beitar, må vi vise omsyn og ikkje forstyrre dyra.


Utmark gir oss meir friheit til å bevege oss fritt. Vi er heldige som har både skog, myr, fjell og kystområde i nærleiken, og desse vert brukt av alle aldergrupper tilpassa deira utviklingsnivå. Vi lærer barna å ta vare på naturen og ikkje etterlate noko anna enn fotavtrykka våre.

Etter 15. september har vi igjen lov til å tenne bål i eller ved skog. Dette skal sjølvsagt gjerast på ein forsvarleg måte og utan å skade naturen.



*Høne Pøne, svart og fin
- legg et egg i lommen min!
Nei, jeg legger egg på strå
- de skal kongens tjener få!*

September 2021



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
35			1	2	3	4	5
36	6	7	8	9	10	11	12
37	13	14 Eleah 3 år! 	15	16	17	18	19
38	20	21	22	23	24	25	26
39	27	28	29	30			

OKTOBER

«MARK»

Innmark og utmark gir oss eit rikt innsyn i planteriket. Det gir oss moglegheit til å studere småkryp og følgje med på naturen i endring etter årstidene. Det gir barna ei gryande forståing av naturens ressursar og korleis vi skal forvalte dei.

Tur i «markane» gjer at barna leikar på ein annan måte. Dei er kreative, nysgjerrige og undrande og saman håper vi på å kunne utvikle ei forskartrang, samt glede over å vere ute i naturen. Dei finn ulike blomstrar, variantar av mose, tresortar, røter, sopp, bær og mykje anna. Fantasien får springbrett og mange spennande (og kanskje ikkje heilt sanne) historier vert dikta av dei små utforskarane våre i leiken.




*Hysj, kan du høre gresset gro?
Hysj, kan du høre en metemark som lo?
Hysj, kan du høre en maur gå forbi?
Da skal du være helt stille og si:*

*Hei, alle insekter, alle små dyr,
dere som kryper og kravler og kryr,
jeg er et menneske og jeg er snill,
vær i min hage så lenge du vil!*

*Hysj, vi må være stille nå,
ingen må skremme de mange tusen små,
og når det kommer en bille forbi,
da skal du vinke med hånden og si:*

*Hei, alle insekter, alle små dyr,
dere som kryper og kravler og kryr,
jeg er et menneske og jeg er snill,
vær i min hage så lenge du vil!*



Oktober 2021



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
39					1	2 Mathilde M. 1 år! Solvår 2 år! Jonas W.T. 4 år!	3
40	4	5 Thea 2 år!	6	7	8	9	10
41	11	12 Sander 5 år!	13	14 Leon 3 år!	15	16 Ulrik 1 år!	17
42	18	19	20	21	22 Bastian 1 år!	23	24 Unni 2 år!
43	25	26 Marcus 3 år!	27	28	29	30	31

NOVEMBER

«FAMILIE»

Vi er no komen til november månad. I barnehagen begynner vi som smått å tenke på å lage julegåver i lag med barna. Før vi går heilt i julemodus skal vi også ha fokus på dei nære og kjære, nemleg familieane våre. Det er naturleg å ta utgangspunkt i «familien min», dei som barna kjenner best. Kven er «oss» for barnet, vår barnehage, vår bygd? Dei yngste skaffar seg oversikt over kven som er i familien og på avdelinga, medan dei som er eldre kan utvide til å plassere seg sjølv i heimemiljø, nærmiljø, samfunnet og kanskje i verden!

Vi skal fokusere på det å ta hand om kvarandre og det å høyre til. Kvar enkelt har sitt syn på og erfaring med kva ein familie er. Det er difor fint å lære om kvarandre sine familiar og at det finst fleire ulike typar familiar. Slik vil vi bygge kjennskap til og toleranse for andre samansettingar av ein familie enn den vi sjølve er ein del av.


Dette arbeidet vil sjølvsgatt vere tilpassa alder og føresetnader til barna og vil ta utgangspunkt i verdigrunnlaget til barnehagane.



*Bake bake kake til mamma kommer
Rulle, rulle, rulle, rulle rundt omkring
Prikke, prikke, prikke med
pekefinger
Høøøøyt opp i lufta og ned igjen (så
er det pappa, storebror, lillesøster
osv).*



November 2021



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
44	1	2	3	4	5	6	7 Sander 3 år! 
45	8	9	10	11	12	13	14
46	15	16	17	18	19	20	21
47	22	23	24 Sølvi 2 år! 	25	26	27	28
48	29	30					

DESEMBER

«FAMILIE»

I desember skal vi bygge vidare på det grunnlaget som vi har lagt i november då vi introduserte temaet «familie». No vil vi knyte det opp mot jul og tradisjonar. Tradisjonar er som eit lim, noko ein deler og har saman. Dei ulike familiane har ulike tradisjonar knytt til førebuingane og sjølve høgtida jul. Vi vil difor prøve å få fram at det finst ulike måtar å feire jul på, og kanskje er det nokon som ikkje feirar jul i det heile tatt? Då må vi finne ut kva dei gjer. Har dei andre høgtider?

Det vil vere fokus på å glede andre, særleg familiane våre, i tida vi no er inne i. Advent betyr å vente. Å vente kan vere vanskeleg, men det kan også vere spennande. Det er ei tid fylt av forventningar og glede. Barna skal få kjenne på det frydefulle i å ha hemmelegheiter, få vere kreative og delaktige og samle på erfaringar som ein gong skal bli deira eige minne om «min barndoms jul».

Tradisjonar har vi også i barnehagen, mellom anna å samle heile barnehagen til felles adventssamlingar, Lucia-markering, julegudstjeneste og nissefest.



Advent
av: Inger Hagerup

Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede

Det står og skinner for seg selv og oss som er tilstede

Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede

Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede

De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede

Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede

Så tenner vi tre lys i kveld, for lengsel, håp og glede

De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede

Så tenner vi tre lys i kveld for lengsel, håp og glede

Vi tenner fire lys i kveld og lar dem brenne ned

For lengsel, glede, håp og fred, men mest allikevel for fred

på denne lille jord, hvor menneskene bor



Desember 2021



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
48			1	2	3	4	5
49	6	7	8 Ailo 1 år! 	9	10	11	12 Eleah 1 år! 
50	13	14	15	16	17	18	19
51	20	21	22	23	24 Julaftan	25 1.juledag	26 2.juledag
52	27 Casper 3 år! Barnehagen er stengt! 	28 Barnehagen er stengt!	29 Barnehagen er stengt!	30 Barnehagen er stengt!	31 Nyttårsaftan		

JANUAR

«FJØRE»

Nytt år og nye moglegheiter! Tema vi skal ha fokus på i denne perioden er sjø og vatn. Nesten alle barn elsker å få halde på med vatn. Og då passar det godt å arbeide med eit tema som alle likar!

Vatn i springen, i glaset, på golvet, i sandkassa, som søyledammar eller vannkanal. Vatn frose til is, kram snø under føtene, istappar å smake på eller snøfnugg som smeltar på tunga! Glatte bakkar, leiker som forsvinn i snøen på bakken, kalde hender og raude nasar er ofte å sjå i barnehagekvardagen! Men kva gjer vel det?

Barna utforskar og finn mykje leik, læring og ikkje minst kreative idear når dei har tilgang til vatn i alle former! Berre fantasien (eller ein vaksen?) kan setje ein stoppar for kva ein kan finne på. I desse vintermånadane endrar været seg gjerne dagleg. Ei periode med snø og sludd, avbrote av ei kuldeperiode med frost og is, eller kanskje pøsregn og mykje vatn er normale dagar her på Sunnmøre.



REGN (Sigbjørn Obstfelder)

En er en og to er to.

Vi hopper i vann, vi triller i sand.

Sikk - sakk, vi drypper på tak.

Tikk - takk, det regner i dag.

Regn, regn, regn, regn.

Øsende regn, pøsende regn, Regn, regn, regn, regn.

deilig og vått, deilig og rått!

En er en, og to er to.


Vi hopper i vann, vi triller i sand.

Sikk - sakk, vi drypper på tak,

tikk - takk, det regner i dag



Januar 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
52						1 1. nyttårsdag	2
1	3	4	5	6	7	8	9
2	10	11	12	13	14	15	16
3	17	18	19	20	21 Emilie 6 år! 	22	23
4	24/31	25	26	27	28	29	30

FEBRUAR

«FJØRE»

Vintermånadane kan vere magiske og by på mykje ein kan studere og aktivitetar ein kan finne på. Dersom det er kaldt nok ute, kan barnegruppene gjere ulike eksperiment ute med vatn. Kanskje kan ein lage eit eksperiment der ein frys vatn til spennande former? Eller lage skulpturar av is? Nokre kan studere kva som skjer om ein tar med snø inn i romtemperatur? Og kva skjer med dyra om vinteren?

Kvifor blir det eigentleg så kaldt her i Norge? Er det like kaldt i heile verda? Kvifor frys ikkje sjøvatn like godt som ferskvatn? Vatn og sjø er viktige element på kloden vår, og både naturen, dyra og menneske er avhengig av tilgang til vatn for å overleve.

Barna kan ved lek og eksperimentering få mange nyttige og lærerike stunder, og vatn kan sporast til veldig mykje nyttig i kvardagen berre ein tenkjer over det. Undring og refleksjonar både mellom barn og vaksne, men og barna seg i mellom, kan skape nysgjerrigheit og læringslyst og bidra til å utvide barnas erfaringar og si utvikling. Barnehagen skal leggje til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hos barna, og lek med vatn kan i aller høgste grad bidra til dette for barn i alle aldersgrupper!


*Se nå snør det, ja det gjør det
tett i tett i tett.*






*Snø i munn og nese,
snø i hele fjeset.*

*Se nå snør det, ja det gjør det
Tett i tett i tett.*



Februar 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
5		1	2	3	4 Noa 2 år! 	5	6
6	7	8	9	10	11	12	13
7	14 Lukas 2 år! 	15	16	17	18 David 5 år! 	19	20
8	21	22	23 Mika 6 år! 	24	25	26	27
9	28 Nicolaus 3 år! 						

MARS

«FJØRE»

Sola kjem stadig høgare på himmelen, og det blir varmare og varmare i lufta. Mars kan vere ei tid på året med framleis mykje snø og kulde, men også tidlege teikn på at våren kjem. Det betyr også snøsmelting, større elvar og vatn, og ein kan sjå naturen endrar seg nærast dag for dag. I samfunnet brukar vi vatnet kvar dag. Gjennom rør i bakken får vi vatn inn til hus, bygningar og til brannhydrantar, for eksempel.

Gruppene i barnehagen har ulik alder og interesser. Det er mykje vatn av interesse i barnehagen. Ein tur til skogen for å høyre fuglekvitring, finne ein rennande bekk, eller ein oppdagingstur til fjøra er andre spennande måtar å utforske vatn og sjø på. Det er faktisk mange dyr som bur i vatn, dei er det artig å studere.











Om våren

Av Margrethe Munthe

*Snøen ligger i hvite flekker
-brune blader og strå iblant-
vannet bruser i alle bekker,
men ved bekkens leirete kant
der står selja dryssende full,
skinner som både sølv og gull-
full av gåsunger store og små,
noen gule og noen grå*

Mars 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
9		1	2	3 Ole Petter 4 år! 	4 Sigurd 6 år! 	5	6
10	7	8 Annabelle 5 år! 	9 Levi Magnus 4 år! 	10 Olai 3 år! 	11	12	13
11	14	15	16	17 Jonas J. 5 år! 	18	19	20
12	21	22	23	24 Martin 5 år! 	25	26	27
13	28	29	30	31			

APRIL

«SKOG»

I april ønsker vi våren velkommen. Det yrer av liv i skogen, med småkryp og insekt som kjem fram etter ein lang vinter. Fuglane kvitrar og skal bygge reir, blomstrane kjem opp av marka, og graset gror. Saman med barna kan ein undre seg over alt dette som skjer i naturen rundt oss. Det å ta i bruk alle sansar, kjenne på luktene, kjenne på blomster og blad og høyre på alle lydane i skogen, er spennande både for store og små.

Bor det insekt og småkryp i skogen? Fins det andre dyr? Kan vi finne spor etter dyr? Kva finn vi under steinane, kva veks i skogen? Ser vi noko som ikkje høyrer til i skogen? Kva kan vi gjere for at det ikkje skal skje? Kva kan vi plukke med oss frå naturen, og ta med oss inn? Kva kan vi lage av det, eller bruke det til?. Vi kan plukke t.d. bær til matlaging eller kongler til kunstverk. Moglegheitene er mange. Det er berre fantasien som set grenser.

Alle avdelingane vil jobbe med temaet skog på sin eigen måte, utifrå alder og barnas føresetnader.



*Når en liten mus skal ut å gå
må hun se seg for å passe på.*


*Det er mange her som ønsker at
få en deilig liten musestek til mid-
dagsmat.*






Kanskje blir det deg

kanskje blir det meg

kanskje blir det trallalai

April 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
13					1	2	3
14	4	5 Ole 4 år! 	6 Oskar 6 år! 	7	8	9	10
15	11	12	13	14 Skjærtorsdag, bhg stengt.	15 Langfredag, bhg stengt.	16 Maia 6 år! 	17
16	18 2.påskedag, bhg stengt	19	20	21 Liane 5 år! 	22	23	24
17	25	26	27	28 Jakob 5 år! 	29	30	

MAI

«SKOG»

Barna skal oppleve glede ved å vere ute i all slags vær og ulike årstider. Dei skal erfare ulike typar underlag og utforske barnehagen sitt uteområde og nærområde. Skogen byr på uante moglegheiter for både leik, læring og danning. Det er ein ynda leikeplass for veldig mange barn, og gir andre utfordringar enn den tradisjonelle leikeplassen. I skogen kan barna bruke heile seg, både sansane og kroppen, og ikkje minst få utløp for sine kreative evner.

Ved å bruke naturen som leikeplass, kan vi enkelt få jobbe med alle fagområda i Rammeplanen. Ein tur i skogen kan t.d. både stimulere barna si evne til konsentrasjon og språkutvikling, samt gi barna positivt samvær, felles opplevingar og fysisk aktivitet.


Mai er månaden med nasjonaldagen 17. mai. I barnehagen har vi «prøve-17. mai» for heile barnehagen før den *rette dagen*. Vi leitar fram fana vår, rekrutterer dusk-bærarar, løftar flagga og går tog i nærområdet til barnehagen. Tilbake i barnehagen har vi tradisjonelle 17. mai-leiker som sekkeløp, tau-trekking og potet-løp.



**RØRSTADMARKA
BARNEHAGE DET ER VI!
VI SYNGER OG LEIKER-
ER ALLTID BLID!
HURRA - HURRA - HURRA!**

*Jeg gikk en tur på stien
og søkte skogens ro
Da hørte jeg fra lien
En gjøk som gol koko
Koko koko kokokokoko*

Mai 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
17							1
18	2 Michelle 5 år! 	3	4	5	6	7	8
19	9	10	11	12	13	14 Mateo 6 år! 	15
20	16	17 Grunnlovsdag	18	19	20	21	22
21	23/30 Elisha 4 år! 	24/31	25	26 Kristi Himmelfartsdag	27 Planleggingsdag for personalet, bhg stengt.	28	29

«SKOG»

Sommaren er her, og det skal vi nyte i lange drag. Vi håper på mykje uteliv, både i barnehagen og i skog og mark.

Barna skal oppleve glede og inspirasjon ved å leike i naturen, og samtidig opparbeide interesse for å verne om den. Skogen er ein fin arena for leik, læring og sosialt samspel. Felles opplevingar saman med barna, og det å undre seg ilag, er spennande.

Barna treng erfaring med varierte og allsidige rørsler. Det er viktig at dei får bruke heile kroppen sin i leik. Skogen er ypparleg til nettopp det. Risikofylt leik handlar om sjansen til å få prøve ut sine egne grenser og utforske risiko. «Skrekkblanda fryd» er eit godt uttrykk for det. Barna vil søke mot det som er spennande og litt farleg. Når eit barn då tør å prøve, vil det oppleve ei stor meistringsglede. Denne meistringsglede, er viktig for at dei skal søke nye utfordringar igjen. Og slik bygger dei vidare på den gode sjølvkjensla, og dei ulike utfordringane dette gir. På denne måten betre kjend med sin eigen kropp, og kva den klarer.



No skinner sola i vinduskarmen

Og katta maler som aldri før

*Den ligger langflat og kjenner
varmen*


Og er ei katte med godt humør

Heisann og dudliatten tei

For sola og dei og meg sann

Juni 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
22			1	2	3	4 Tuva 4 år! 	5
23	6	7	8	9 Mateusz 4 år! 	10	11	12
24	13	14 Trym 4 år! 	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28 Zofia 4 år! 	29 Sigurd 5 år! 	30			

JULI


SOMMARKLUBB!



Juli måned er det tid for ferieavvikling for både barna og personalet i barnehagen. Talet på barn og voksne krympar, og vi slår gjerne avdelingane saman. Det er litt spennande å bli betre kjent på tvers av avdelingane, både med andre barn og voksne. Vi kallar det for sommarklubb!

På sommarklubb har vi turar og utflukter, har samlingar og aktivitetar. Vi håper på ein varm og fin juli måned, hugs solkrem, handduk, solhatt og drikkeflaske!



Juli 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
26					1	2 Emil 4 år! 	3
27	4	5	6	7	8	9	10
28	11	12	13	14 Ledvin 5 år! 	15	16 Teodor 6 år! 	17 Phillip 2 år! 
29	18	19	20	21 Eline 2 år! 	22	23	24 Pauline 5 år! 
30	25	26	27	28	29	30	31


AUGUST

1. august startar nytt barnehageår. Nye barn står klare til å fylle plassane til dei barna som har slutta. Det er ei tid for nye tilknytningar mellom barn og vaksne i barnehagen.

Leik og vennskap er viktig og saman med aktive vaksne har vi fokus på å skape gode relasjonar ilag. Det blir også turer i nærmiljøet til barnehagen.



August 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31	1	2	3	4	5	6	7
32	8 Olav 4 år!	9	10 Torje 3 år! Celina 5 år!	11 Håkon 4 år!	12	13	14
33	15	16	17	18	19	20	21
34	22	23 Ravn 3 år!	24	25	26	27	28
35	29	30	31 Mathilde S. 2 år!				

OVERGANGAR

HEIM - BARNEHAGE

Om våren inviterer vi nye barn og foreldre til å kome på besøk her i barnehagen. Da får ein helse på personale, sjå seg rundt i barnehagen og møte andre som skal begynne til hausten.

Når barnet begynner i barnehage, skal barnehagen legge til rette for at barnet får ein trygg og god start. Dei første dagane er svært korte, og vi vurderer saman med foreldra kor tid dei kan dra. Det skal skje ei tilknytning mellom det nye barnet, personalet og dei andre barna.

MELLOM AVDELINGAR

Mot slutten av barnehageåret er det klart korleis dei nye barnegruppene kjem til å bli neste barnehageår. Dei barna som skal bytte avdeling, besøker si «nye» avdeling saman med ein vaksen frå si avdeling. Slik får barna tid og rom til å bli betre kjent med andre barn og personale.

BARNEHAGE - SKULE

Avgangsbarna dette barnehageåret ved Rørstadmarka barnehage skal, slik det ser ut no, starte ved nye Rørstadmarka skule. Vi følger bygginga av den nye skulen «steg for steg» og gledar oss til å få nye naboar!

For å få til ein god overgang frå barnehage til skule har vi eit samarbeid med skulen barna skal begynne på. Det blir arrangert ulike treff der barna får leike saman med skulebarn, møte vaksne som jobbar der og sjå seg rundt både inne på skulen og bli kjent med skulen sitt uteområde.



BARNEHAGERUTE

Barnehagane i Sula har fem planleggingsdagar kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

2021—2022

Månad	Merknad
2021	
August	Første dag i nytt barnehageår er mandag 2. august. Planleggingsdag torsdag 19. august og fredag 20. august. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane.
September	
Oktober	Barnehagen har ope i haustferien veke 41 (11. - 15. oktober)
November	
Desember	Siste dag i barnehage før jul: torsdag 23. desember. Barnehagane har stengt arbeidsdagane mellom jul og nyttår.
2022	
Januar	Første dag i barnehagen etter jul: mandag 3. januar
Februar	Barnehagane har ope i vinterferien veke 8 (21. - 25. februar) Planleggingsdag mandag 21. februar. Barnehagane er stengt på planleggingsdagen.
Mars	Planleggingsdag fredag 25. mars. Barnehagen er stengt på planleggingsdagen.
April	Barnehagane har stengt arbeidsdagane i påskeveka (11.—18. april). Første dag etter påske: Tirsdag 9. april.
Mai	Planleggingsdag fredag 27. mai. Barnehagane er stengt på planleggingsdagen.
Juni	
Juli	Barnehagen er har stengt to veker i juli.
August	Nytt barnehageår startar mandag 1. august.

